

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 09.11.2011

Sak nr.: 08/5380-16

Internt l.nr. 32474/11

Sak: 116/11

Tittel: Høringsuttale til konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for Vigdøla kraftverk i Luster kommune.

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Vigdøla-utbygginga til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.
2. Det er ein føresetnad at det vert bygd tersklar i elva sine flate part og at problemstillingar som Luster kommune har peika på om redusert gjerdeeffekt på grunn av den planlagde utbygginga og konsekvensane av mogelege ras mot inntaksmagasinet med følgjande flaumfare for nærliggande hytter og gardsbruk, vert følgde opp.
3. Fylkeskommunen har merka seg at Luster kommune ikkje er tilfreds med dei vilkåra Statkraft tilbyr i ein utbyggingsavtale, og ber utbyggaren om å revurdere tilbodet.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt 3 i staden for punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

- 3 Fylkeskommunen har merka seg at Luster kommune ikkje er tilfreds med dei vilkåra Statkraft tilbyr i ein utbyggingsavtale. Fylkesutvalet krev at utbygger revurderer tilbodet.

Kristeleg Folkeparti og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår frå at konsesjon vert gjeve.

Avrøysting:

Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti og Venstre.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anita Nybø, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta mot.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anita Nybø, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta mot.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget til punkt 3 frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

Ingen røysta for fylkesrådmannen si tilråding til punkt 3.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Vigdøla-utbygginga til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.
- 2 Det er ein føresetnad at det vert bygd tersklar i elva sine flate part og at problemstillingar som Luster kommune har peika på om redusert gjerdeeffekt på grunn av den planlagde utbygginga og konsekvensane av mogelege ras mot inntaksmagasinet med følgjande flaumfare for nærliggande hytter og gardsbruk, vert følgde opp.
- 3 Fylkeskommunen har merka seg at Luster kommune ikkje er tilfreds med dei vilkåra Statkraft tilbyr i ein utbyggingsavtale. Fylkesutvalet krev at utbyggjar revurderer tilbodet.

Høyringsuttale til konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for Vigdøla kraftverk i Luster kommune.

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Vigdøla-utbygginga til å vere større enn ulempeane for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.
2. Det er ein føresetnad at det vert bygd tersklar i elva sine flate part og at problemstillingar som Luster kommune har peika på om redusert gjerdeeffekt på grunn av den planlagde utbygginga og konsekvensane av mogelege ras mot inntaksmagasinet med følgjande flaumfare for nærliggande hytter og gardsbruk, vert følgde opp.
3. Fylkeskommunen har merka seg at Luster kommune ikkje er tilfreds med dei vilkåra Statkraft tilbyr i ein utbyggingsavtale, og ber utbyggaren om å revurdere tilbodet.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Prenta vedlegg:

1. Brev frå NVE 20. april 2011.
2. Luster kommune sitt saksframlegg (felles saksframlegg for sakene om Vigdøla kraftverk og overføring av Vestsideelvane med heving av Tunsbergdalsdammen).
3. Luster kommunestyre sitt vedtak 18.10.201, sak 69/11 (felles vedtak for sakene om Vigdøla kraftverk og overføring av Vestsideelvane med heving av Tunsbergdalsdammen).


Uprenta vedlegg:

1. Konsesjonssøknad av 12.04. 2011.
2. Brosjyre ang. konsesjonssøknaden for Vigdøla kraftverk.
3. Brev til NVE frå Sogn og Fjordane Turlag, 15.09. 2011.
4. Brev til Luster kommune frå Aksjonsnemnda Vestsida-Vigdøla, 09.10. 2011.

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

NVE har oversendt til uttale søknad med konsekvensutgreiing for Vigdøla kraftverk i Luster kommune. Vigdøla er ei sideelv frå aust til Jostedøla som har sitt utløp i Sognefjorden ved Gaupne. Søkjaren, Statkraft Energi AS har frå før store kraftanlegg i dette området. Jostedal kraftverk (ferdig i 1989) nyttar nedbørsfelt i nordleg og østleg retning i dalen. Leirdøla kraftverk nyttar tilsiget frå Tunsbergdalsbreen vest for Jostedalen. Nedre del avløpstunnelen med utløp i fjorden ved Gaupne, er felles for dei to kraftverka. Avløpet frå Vigdøla kraftverk skal også inn på denne tunnelen.



Jostedal kraftverk 290 MW og middelproduksjon 874 GWh pr. år. Leirdøla kraftverk 110 MW og middelproduksjon 451 GWh pr år. (tal for MW og GWh er bytta om på kartet)

Søkjaren ser på tiltaket som eit typisk opprustings - og utvidingsprosjekt knytt til Jostedal kraftverk. På ca. kote 1200 er det i dag tre bekkeinntak til dette kraftverket i nedbørsfeltet til Vigdøla. Det nye prosjektet er basert på utnytting av vatn frå elva med inntak ved Skitnamyrstjønni på kote 605. Det er planlagt vassveg i tunnel og ny kraftstasjon i fjell ved sida av Jostedal kraftverk med avløp i eksisterande avløpstunnel på kote 12. Det skal også nyttast eksisterande infrastruktur som tilkomsttunnel, transformator og koplingsanlegg. Behovet for nye fysiske anlegg blir dermed mindre enn for eit tilsvarande frittstående anlegg. Det er planlagt ein turbin på 16 MW og berekna årleg kraftproduksjon er 48 GWh. Etter ei utbygging som planlagt vil 40 % av opprinneleg tilsig til Vigdøla gå til det eksisterande kraftverket, 36% vil gå til det nye kraftverket og resterande ca. 24 % vi bli verande att i elva. Tunnelmassane, ca. 55 000 m³, er planlagt deponert ved eksisterande tipp ved Ormbergstølen. Kraftproduksjonen skal overførast til elektriske anlegg i Jostedal kraftverk og vidare ut på 300 kV/nettet derifrå.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt imot ei vidare kraftutbygging i Jostedalen, både vestsidesprosjektet og Vigdøla kraftverk på austsida av dalen. Turlaget meiner at det frå før er bygd ut nok vasskraft i Jostedalen og at dagens restvassføring i Vigdøla bør få renne fritt. Aksjonsnemnda Vestsida-Vigdøla peikar i eit brev til Luster kommune m.a. på at dei nye utbyggingane kjem på toppen av tidlegare store kraftutbyggingar som har ført til store inngrep i vassdragsnaturen i Jostedalen, og at det siste større samanhengande området nær busetnaden må skånast for kraftutbygging.

Luster kommune har handtert utbyggingssøknadene for Vestsideelvane med heving av Tunsbergdalsdammen og Vigdøla kraftverk som ei sak med felles saksutgreiing og vedtak. Kommunestyret handterte sakene 18.10.2011 og vedtok at kommunen ikkje vil støtte utbyggingssøknadene, fordi det ikkje er samsvar mellom dei inngrepa og konsekvensane utbyggingane vil føre med seg, og dei vilkåra kommunen er stilt til utsikt.

Fylkesrådmannen meiner generelt at det er positivt at tidlegare utbyggingar vert vurdert på nytt med tanke på effektivisering og utvikling av tilleggsprosjekt med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur. Isolert sett vurderer fylkesrådmannen konsekvensane av dette opprustings- og utvidingsprosjektet som akseptable i høve til det ein oppnår av ny energiproduksjon, når det vert gjort avbøtande tiltak som slepping av minstevassføring frå inntaket og bygging av tersklar i elva sine flate parti.

Fordelar og ulemper ved nye tiltak må også sjåast i lag med det samla bildet av fordeler og ulemper ved tidlegare kraftutbygging i vassdraget. Ved ei slik samla vurdering kan balansen mellom fordeler og ulemper bli annleis. Luster kommune har kome ut med eit nei til dei aktuelle tiltaka ut frå ei slik tilnærming. Fylkesrådmannen les likevel kommunestyret sitt vedtak slik, at det her også er lagt inn vurderingar av dei vilkåra kommunen har oppnådd i forhandlingane med Statkraft om ein utbyggingsavtale.

Samla sett vurderer fylkesrådmannen fordelane ved Vigdøla-utbygginga til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og vil rå til at konsesjon vert gitt. Det er ein føresetnad at det vert bygd tersklar i elva sine flate parti og at konkrete problemstillingar i Luster kommune si saksutgreiing vert følgt opp. Her er det m.a. peika på redusert gjerdeeffekt på grunn av ei ev. utbygging og konsekvensane av mogelege ras mot inntaksmagasinet med følgjande flaumfare for nærliggande hytter og gardsbruk. Fylkesrådmannen har ikkje hatt innsyn i forhandlingane mellom Luster kommune og Statkraft om ein utbyggingsavtale, men ønskjer å markere si støtte til kommunen i arbeidet med å få ein rimeleg kompensasjon for dei naturinngrepa som utbygginga vil føre med seg.

2. LOVER/REGLAR/PLANDOKUMENT

Lover/reglar/føresegner

- Lov og om vassdragsregulering av 14. des. 1917nr. 17, Vassdragsreguleringslova (ekspropriasjonsreglar)
- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vassressurslova (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, vassveg i fjell, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Plan- og bygningslova, forskrift om konsekvensutgreiing. For. av 01. april 2005 nr. 276.
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100.
- Oreigningslova av 23. oktober 1959 nr. 3
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Samla plan for vassdrag

Direktoratet for Naturforvaltning har 19.12.2008 gitt fritak for handtering av Vigdøla kraftverk i høve til Samla plan.

Kommunale planar

Tiltaksområdet for Vigdøla kraftverk er definert som LNF/område i kommuneplanen. I kommunedelplan for små kraftverk i Luster (2006) er det omtalt eit prosjekt i Vigdøla med fallhøgde 522 basert på inntak på kote 611. Berekna produksjon er 44,3 GWh til ein utbyggingskostnad på 1,39 kr/kWh. Kommunestyret har bestemt at Vigdalen skal høyre til grøn konfliktsone, dvs. område prega av lågt konfliktnivå og der teksten lyder slik: .

Desse områda er prega av lite konfliktnivå og/eller store positive lokale ringverknader. Her bør det planleggast med tanke på god teknisk og økonomisk utnytting av ressursane.

I kommunedelplanen er det om friluftsliv sagt m.a.:

Delområdet er mykje nytta utfartsområde både sommar og vinter. Det er mange hytter på Vårstølen og vegen opp i Vigdalen gjere tilkomst enkelt. Fjellstølen er eit knutepunkt med turmoglegheiter både til Fast og Fivla (DNT-ruter) og toppar i område. Vigdalen er registrert i fylkeskommunen sin fylkesdelplan for friluftsliv med nasjonal verdi

Fylkesdelplan for arealbruk

Inntaket ligg like ved vestgrensa til friluftsområde nr. 42, Vigdalen, i fylkesatlas. Geografisk verdi: Nasjonal. Av områdeskildringa går det fram:

Tilkomst: Frå Jostedalen. Ny køyreveg, gamal ferdselsveg frå Ormberg

Turutgangspunkt: der vegen stopper i Vigdalen

Frodig stølsdal som strekker seg austover frå Jostedalen. Busetnad opp til 550 m.o.h., vidare innover er det nedlagt vårstøl og fjellstøl. Ein del hyttebygging ved vårstølen. I Vigdalen finst òg spesielle terrengformer etter "døis", og her er interessant myr og morener. Terreng i Vigdalen passer alle kategoriar fjellfolk. Merka turstier i område. DNT/leiger sel som turisthytte på inste stølsvollen, Sagavollen 800 m.o.h.

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging

Fylkeskommunen har utarbeidd utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Planen låg ute på høyring med frist i sept. 2010. Eit revidert planframlegg låg føre i mars 2011 og vart lagt fram for politisk behandling. Behandlinga vart utsett i eit møte 23.03. 2011 samtidig som det vart bedt om nærare utdjuing av nokre spørsmål.

I det reviderte planutkastet er Håvardfossen i Vigdøla med i ei liste over fossar/stryk som er/har vore viktige landskapselement i delområdet Luster og Årdal. Fossen er tidlegare påverka av Jostedal kraftverk gjennom bygging av bekkeinntak til takrenne/tunnel i høgde 1200 meter.

I planutkastet er det forslått retningslinjer for korleis arealinteresser skal handterast i høve til vasskraftutbygging. Håvardfossen som viktig landskapselement vil få 3. prioritet i tråd med forslaget. Dette vil bety at fossen er vurdert til å ha stor verdi, og at føresetnad for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konfliktrar i høve til aktuelle arealinteresser.

3. EKSISTERANDE OG PLANLAGDE TILTAK.

Eksisterande anlegg

Jostedal kraftverk nyttar nedbørfelt nord- og øst i dalen, i alt 17 % av Jostedøla sitt nedbørfelt. Mellom hovudmagasinet Styggevatnet og Sognefjorden er det eit fall på ca. 1200 meter. Kraftstasjonen (288 MW/874 GWh/år) ligg i fjell med tilkomst frå Myklemyr. Frå kraftverket går vatnet i tunnel til Gaupnefjorden. Kraftverket vart sett i drift i 1989. Leirdøla kraftverk nyttar tilsiget fra Tunsbergdalsbreen vest for Jostedalen. Nedbørfeltet til dette kraftverket er ca. 18 % av Jostedøla sitt samla nedbørfelt. Mellom hovudmagasinet Tunsbergdalsvatnet og Sognefjorden er det et fall på ca. 500 m Kraftstasjonen (110 MW/451 GWh/år) er lokalisert i fjell med avløp via avløpstunnelen frå Jostedal kraftverk. Kraftverket vart sett i drift i 1979. Opprusting og utviding er planlagt også for dette kraftverket. SFE AS er medeigar, 35 %. I området er det også to mindre kraftverk, Geisdøla kraftverk (1,3 MW) eig av lokale grunneigarar og Vanndøla kraftverk (3,8 MW) eigd av Luster Småkraft AS

Vigdøla kraftverk

Inntak er planlagt ved utløpet til Skitnamyr tjønne (kote 605). Her skal det byggast ein låg betongdam til erstatning for ein eksisterande terskel. Ny dam vil heve nivået i tjørna med maksimalt to meter. Slik heving vil skape et lite inntaksbasseng (ca. 12.000 m³) og auke neddemt areal med ca. 2 dekar. Det må byggast ein 150 m lang tilkomstveg frå eksisterande veg bort til dam og inntak. Frå inntaket skal vatnet først i tunnel til ny kraftstasjon i fjell med plassering like ved Jostedal kraftverk, på vestsida av utløpstunnelen. Tilkomsten til kraftstasjonen skal skje via ei avgreining frå eksisterande tilkomsttunnel til Jostedal kraftverk. Avløpsvatnet vil bli ført ut i avløpstunnelen frå Jostedal kraftverk som munnar ut i Gaupnefjorden. Produsert energi skal først ut via eksisterande transformator og ut på Statnett sitt 300 kV-linjenett. Hovudriggen vil bli plassert ved Ormbergstølen, ikkje langt frå tilkomsttunnelen til Jostedal kraftverk. Ein mindre rigg skal opprettast ved inntaket ved Skitnamyr tjønne. Steinmassane (55 000 m³) er foreslått deponert ved eksisterande deponi ved Ormbergstølen. Dei nye massane vil bli planert ut (ca. 13 da.) og tilsådd, tilsvarande som noverande deponi.

Hovuddata for tiltaket

| | |
|--|--------------------------|
| Tilsig | |
| Totalt nedbørfelt oppstrøms inntaket | 47,2 km ² |
| Nedbørfelt under bekkeinntak til Jostedal kr.v. oppstrøms inntak til Vigdøla kr.v. | 27,9 km ² |
| Middelvassføring ved inntaket | 1,85 m ³ /sek |
| Alminneleg lågvassføring ved inntaket | 60 l/sek |
| Restfelt i Vigdøla nedanfor inntaket, middelvassføring | 250 l/sek |
| Fem-persentil* sommar (mai-sept.) | 538 l/sek |
| Fem-persentil* vinter | 41 l/sek |
| Kraftverk | |
| Inntak | 605 m.o.h |
| Avløp | 12 m.o.h. |
| Brutto fallhøgde | 593 m |
| Slukeevne, maks | 3,2 m ³ /sek |
| Slukeevne, min | 0,2 m ³ /sek |
| Installert effekt, maks | 16 MW |
| Slepping av minstevassføring frå inntaket heile året, sjå nedanfor | |
| Magasin | |
| Volum | 12000 m ³ |
| Høgste regulerte vasstand | 607 m.o.h. |
| Lågaste regulerte vasstand | 605 m.o.h. |
| Produksjon | |
| Årleg middel | 48 GWh |
| Økonomi | |
| Utbyggingskostnad | 130 mill. kr. |
| Utbyggingspris | 2,7 kr/kWh |

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.




Til venstre: Inntaksområdet ved Skitnamyrtjønni (raud pil). Til høgre: Nedre del av Vigdøla før samløp med Jostedøla.


Det er aktuelt å bygge tersklar i elva sine flate parti eit stykke nedanfor inntaket.

Det er lagt til grunn slik slepping av minstevassføring frå inntaket:

| | |
|------------------------------------|----------------|
| 1/1 – 30/4 og 1/10 - 31/12, vinter | 60 liter/sek |
| 1/5 - 30/6 og 16/8 – 30/9, sommar | 300 liter/sek |
| 1/7 – 15/8, sommar | 1000 liter/sek |



Vigdøla kraftverk: Raud og svart strek er tunnel mellom inntak og kraftstasjon. Raude firkantar er kraftstasjonar. Raud firkant ved Jostedøla er portalen til tilkomsttunnelen. Blå strekar er eksisterande vassvegar til Jostedal kraftverk og ut frå kraftverket.



Tiltaksområdet ved Ormbergstølen



Figur 13.14 Vigdøla ved ulike vannføringer: a) 0,35 m³/s (11.09.06) b) 1,49 m³/s (22.09.06)
c) 1,19m³/s (27.09.07) d) 3,33 m³/s (19.07.07)

Vigdøla med Håvardfossen og samløp med Jostedøla

4. KONSEKVENSAV TILTAKET. AVBØTANDE TILTAK

Saksopplysningane nedanfor er henta frå samandraget i søknaden, delsitat/klipp.

0.3 Konsekvenser for miljø, naturressurser og samfunn

Inntaksområdet, sammen med tippen for tunnelmassen og redusert vannføring nedstrøms inntaket, blir de eneste synlige tegnene på utbyggingen.

Hydrologi

I gjennomsnitt reduseres vannføringen rett nedstrøms inntaket til 38 % av dagens vannføring i Vigdøla. Det er da lagt til grunn minstevannføring som omtalt tidligere. På grunn av tilsig i restfeltet vil vannføringen ved samløp Jostedøla bli mindre påvirket. I gjennomsnitt reduseres vannføringen her ned til 45 % av dagens vannføring. Fordi det er lagt opp til et større slipp av minstevannføring i sommerhalvåret, vil vannføringsreduksjonen i denne perioden bli mindre. I juli og august vil vannføringen i Vigdøla før samløpet med Jostedøla i gjennomsnitt ligge rett under 50 % av dagens vannføring. Fraføring av vann fra Vigdøla vil medføre en reduksjon av gjennomsnittlig vannføring i Jostedøla ved Husøy på bare ca. 4 %. Ved Gaupne vil tiltaket føre til en gjennomsnittlig vannføringsreduksjon på 3 %.

Isforhold, vanntemperatur og lokalklima.

Vanntemperaturen i Vigdøla følger lufttemperaturen, men med litt lavere amplitude. Dette gjelder på sensommeren, når snøen i feltet er smeltet. I juni og tidlig i juli ligger det ennå snø, og vanntemperaturen ligger under lufttemperaturen. I resten av juli og august er vanntemperaturen høyere i Vigdøla enn i Jostedøla. Vigdøla er da hele 3 - 10 °C varmere enn Jostedøla. Dette skyldes at Vigdøla, i motsetning til Jostedøla, ikke lenger blir tilført vann fra brefelt. Vanntemperaturen i Vigdøla følger allerede i dag lufttemperaturen fra midten av juli og ut september, så det ventes ingen endringer i disse månedene. I oktober-april er vanntemperaturen nær frysepunktet, bortsett fra enkelte mildværsinnslag, og det ventes heller ingen vesentlige endringer i denne perioden.

Isforhold, vanntemperatur og lokalklima

Fraføring av vann fra Vigdøla forventes å gi en liten reduksjon av temperaturen i Jostedøla om sommeren. Denne reduksjonen vil være i størrelsesorden 0,1 °C. Dette er en helt marginal endring. Isforholdene blir omtrent uforandret bortsett fra ved inntakspunktet, hvor isen blir usikker. På grunn av redusert vannføring nedstrøms inntaket vil perioder med frostrøyk reduseres.

Naturmiljøet og biologisk mangfold

I influensområdet for utbyggingen av Vigdøla kraftverk er det registrert få viktige lokaliteter for biologisk mangfold. En verdifull naturtype (en høgstaudeeng med regionalt sjeldne moser) ble registrert nedstrøms inntaket, men vil ikke bli berørt av tiltaket. Området er relativt rikt på vilt, framfor alt hjort, og det ventes at dyrene vil trekke seg vekk fra tiltaksområdet i anleggsperioden. Dette vil imidlertid være en virkning av forbigående karakter. En leikplass for orrfugl, som ligger nært inntaksområdet, vil sannsynligvis ikke bli brukt dersom anleggsarbeidet fører til forstyrrelser i leikperioden. Dette vil også være en midlertidig effekt. Fossekall er vanlig forekommende langs de fleste vannstrenger i Jostedalen, og hekker trolig langs den berørte elvestrekningen i Vigdøla. Det kan ikke utelukkes at redusert vannføring kan føre til at arten oppgir noen av disse hekkeplassene. Samlet sett vurderes tiltaket å ha en liten negativ konsekvens for naturmiljø.

Fisk

Vigdøla har en tett bestand av aure. Foreslått slipp av minstevannføring vil trolig være tilstrekkelig til å opprettholde en tilfredsstillende størrelse på vanddekket areal om sommeren og sikre at elva ikke bunnfryser om vinteren. Etersom Vigdøla ikke lenger drenerer noen brefelt, er vanntemperaturen i elva noe høyere om sommeren sammenlignet med i Jostedøla. Fraføring av varmere vann fra Jostedøla er imidlertid vurdert å ha marginal effekt på temperatur og oppvekstvilkår for fisk i Jostedøla. Tiltaket vurderes å ha liten negativ konsekvens for fisk.

Landskap og inngrepsfrie områder

De tekniske inngrepene knyttet til den planlagte utbyggingen er alt i alt små og vil i all


hovedsak bli lagt til steder der det tidligere har skjedd arealinngrep. Foreslått slipp av minstevannføring vil i stor grad redusere virkningen på landskapet som følge av redusert vannføring i sommerperioden. Samlet sett vurderes de negative konsekvensene for landskapet ved utbygging av Vigdøla kraftverk som små. Bygging av Vigdøla kraftverk vil ikke få virkninger for inngrepsfrie områder.

Friluftsliv

Det er framfor alt områdene oppstrøms inntaket i Vigdøla som har betydning for tradisjonelt friluftsliv og reiseliv, og det er natur- og kulturverdier med stor opplevelsesverdi i øvre deler av Vigdalen. Tradisjonelt friluftsliv utøves i liten grad i tiltaksområdet, som først og fremst er innfallsport til de høyereliggende delene av Vigdalen. Det er forventet at virkningene for alle typer friluftaktiviteter vil være størst i anleggsperioden, men at dette er av forbigående karakter. Samlet sett vurderes tiltaket å ha liten negativ konsekvens for friluftsliv.

Kulturmiljø og kulturminner

Det foreligger ingen kjente funn av automatisk fredete kulturminner i tiltaksområdet, og potensialet for funn vurderes som lite. Det finnes heller ingen kjente, viktige nyere tid kulturminner i tiltaksområder eller langs Vigdøla nedstrøms inntaket. Tiltaket vurderes å ha liten negativ konsekvens for kulturminner og kulturmiljø.



Figur 13.12 Nyere tids kulturminner nær tiltaksområdene i Vigdalen: 1) Vårstølen, 2) stølsområdet Nosi, 3) driftsbygning og løe fra 1800-tallet (SEFRAK-registrerte), 4) den gamle ferdselsveien fra Ormbergstølan til Skaret, som tidligere fortsatte videre gjennom Vigdalen og Dalsdalen til Dale i Luster, og 5) stova i Skaret.

Reiselivet

Jostedalen er innfallsport til Jostedalssjøen og Breheimen nasjonalparker, men er med sine ca. 60.000 besøkende i året et relativt begrenset reiselivsområde i seg selv. Ca. 70 % av de besøkende overnatter andre steder i regionen, noe som viser at Jostedalen har en viktig funksjon som reisemål for hele Sognefjord - området. Reiselivsvirksomheten i området har hatt en positiv utvikling de siste årene, og potensialet for ytterligere vekst synes å være betydelig. Utbyggingen av Vigdøla kraftverk vil i liten grad påvirke opplevelsesverdiene for de som ferdes i dalføret. Vigdalen er først og fremst et reisemål for lokalbefolkningen i kommunen.

Samfunnsmessige forhold

Næringsliv og sysselsetning

Utbygging av Vigdøla kraftverk vil gi vare- og tjenesteleveranser både til norsk næringsliv som helhet, til næringslivet regionalt i Sogn og Fjordane og lokalt i Luster kommune. Dette vil i sin tur gi sysselsetningseffekter på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. På nasjonalt nivå viser utreders beregninger en samlet sysselsettingseffekt på rundt 155 årsverk, fordelt over tre år i anleggsperioden. På regionalt nivå i Sogn og Fjordane viser beregningene en sysselsettingseffekt på rundt 30 årsverk. Bygge- og anleggsnæringen vil være den næring som får de største sysselsettingseffektene av anlegget. Vigdøla kraftverk er et lite kraftutbyggingsprosjekt som ikke gir store virkninger for næringslivet lokalt i Luster, men lokal bygge- og anleggsnæring, hotell- og restaurantvirksomhet samt transport vil kunne dra nytte av utbyggingen. Driftsfasen vil ikke gi økt sysselsetning, men vil bidra til å styrke grunnlaget for sysselsetningen ved selskapets regionkontor på Gaupne.

Kommunale inntekter

Utredning anslår at utbygging av Vigdøla kraftverk vil gi Luster kommune årlige inntekter på 1,8 - 2,3 mill. kr i form av kommunal eiendomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgift og konsesjonskraft. I forhold til kommunens samlede driftsbudsjett på rundt 240 mill. kr, er dette et beskjedent tillegg, men allikevel et pluss i regnskapet.

0.4 En sammenstilling av virkningene

Utbygging av Vigdøla kraftverk vil ha relativt små, negative virkninger for natur- og brukerverdier, naturressurser, landskap, kulturminner og kulturmiljø. De fysiske inngrepene er av begrenset omfang, og det er dermed særlig redusert vannføring i Vigdøla som vil ha negativ virkning. Det planlagte slippet av minstevannføring i sommerperioden reduseres imidlertid langt på vei omfanget av denne virkningen. Tippen som planlegges etablert i tilknytning til eksisterende tipp ved Ormbergstølen vil kunne gi nye bruksarealer på om lag 20 dekar.

0.5 Foreslåtte avbøtende tiltak (av tiltakshaver)

Det viktigste avbøtende tiltaket som skal gjennomføres er foreslått minstevannføring. Ettersom kraftverket har begrenset slukeevne, vil det, spesielt tidlig på sommeren, være relativt stor vannføring i strykene ned mot Jostedal (42 - 53 % av gjennomsnittlig månedsvannføring i mai - august). Av landskapsmessige grunner vil det bli vurdert å etablere terskler i et flatt parti mellom kote 550 og 580. Dette for å øke vanndekket areal i den del av elven som er synlig fra vei og fra bebyggelse på Syneshaug. Terskler vil kunne være positivt både for jordbruksinteressene og for fisk i området. I detaljutforming og gjennomføringen av planene vil det bli lagt vekt på å innpasse dam, inntak og tipp til landskapet og å begrense naturinngrepenes omfang og utstrekning. Forurensning fra anleggsaktiviteter kan forebygges gjennom god planlegging og oppfølging av driften.

5. HØYRINGSUTTALAR FRÅ ANDRE

Luster kommune har handtert søknadene for Vigdøla kraftverk og overføring av Vestsidelevane med heving av Tunsbergdalsdammen som ei sak med felles saksutgreiing og vedtak.

Vedtak i kommunestyret 18.10.2011, sak 69/11

Luster kommunestyre syner til rådmannen si saksutgreiing med tilhøyrande vurderingar, og vil gje uttrykk for at Luster kommune og Jostedal har hatt stor nytte av tidlegare kraftutbyggingar. Ut frå ei samla vurdering finn kommunestyret likevel at det ikkje er samsvar mellom dei inngrep og konsekvensar utbygging vil gje, og dei vilkår kommunen er stilt i utsikt. Kommunestyret rår difor til at Statkraft Energi AS ikkje får konsesjon for dei omsøkte utbyggingane utan at det vert stilt strenge konsesjonskrav og Luster kommune får tydeleg vederlag for å avstå ytterlegare naturressursar til storsamfunnet

Teksten nedanfor er henta frå samandraget i rådmannen og kommunen sin advokat si saksutgreiing. Her er det m.a. drøfta problemstillingar ved kraftutbygging m.a. med fokus på det som lokalsamfunnet vil sitte att med i form av skattar, avgifter og evt. utbyggingsavtalar.

Om utbyggingsøknaden for Vigdøla er det sagt m.a. dette:

- Gjennomsnittlig vannføring ved samløpet med Jostedøla vil i henhold til Statkrafts egne beregninger være under 40 % av dagens vannføring.
- Gjerdeeffekten som elven tidligere hadde mot beitedyr ble sterkt forringet ved forrige utbygging. Statkraft har ikke vist vilje til å ta tak i dette problemet. Vigdølautbyggingen vil forsterke dette problemet fra inntaket ned til samløpet med Jostedøla.
- En ytterligere reduksjon av vannføringen nedenfor det planlagte inntaket vil medføre at det spesielle landskapselementet Håvardfossen blir sterkt forringet.
- Reduksjon av vannføringen vil være uheldig for fisket. Både av hensyn til landskapsopplevelsen og fiskeinteressene må det være et absolutt krav at det bygges terskler på strekningen mellom kote 550 og 580 dersom det blir gitt konsesjon
- Konsekvensene av ras som rammer inntaksmagasinet er ikke godt nok utredet. Et eventuelt konsesjonsvedtak må ha klare formuleringer som sikrer at flomfare for hytter og gardsbruk i nærheten elimineres.

Til slutt i samandraget er det sagt dette:

Den gjenværende uberørte naturen har stor verdi, både som rekreasjonsområde og som turistmål. Dette gjelder særlig for senere generasjoner. Sett i sammenheng med eksisterende og omsøkte utbygginger, fremstår miljøvirkningene av utbyggingene som uakseptable. Rådmannen mener etter dette at det ikke er ønskelig med de to omsøkte utbyggingene.

Sogn og Fjordane Turlag, samandrag i brev sendt til NVE.

Sogn og Fjordane turlag går sterkt imot ein vidare utbygging av Vigdøla, vi synes det er bygd ut nok i Jostedalen med det som alt er utbygd. Vigdøla er og nok utbygd og restvassføringa som no renn i elva bør ikkje ytterlegare reduserast.

Ein vidare utbygging kjem sterkt i konflikt med friluftslivet, både det frivillige og det kommersielle i Vigdalen og i hovedelva i Jostedalen.

Sumverknad frå fleire utbyggingar i Jostedalen for vasstreng, landskap, fisk (viser til utfyllande opplysningar om dette tidlegare i fråsegna og i fråsegna for vestsideelvene), fugl og naturmangfald gjer at vi meiner søknaden bør avslåast.

6. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 48 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og friluftsliv/reiseliv i samband med bygging av inntak i Skitnamyrjtønne og heving av nivået inntil to meter, veg til inntaket, tunnelarbeid, deponi av steinmasse og redusert vassføring i Vigdøla med Håvardfossen.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Det planlagde inntaket i Vigdøla ligg like utanfor vestgrensa til friluftsområde nr. 42, Vigdalen, i fylkesatlas. Området har geografisk verdi: nasjonal. Håvardfossen lenger nede i elva mot samløpet med Jostedøla er registrert som eit viktig landskapselement i fylkeskommunen sitt framlegg til Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Det er difor konfliktar knytt til utbygginga. Forslaget i søknaden om å nytte minstevassføring frå inntaket, spesielt midt på sommaren, og bygging av tersklar i elva sine flate parti, vil dempe konfliktane i høve til landskap, friluftsliv og turisme.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt imot ei vidare kraftutbygging i Jostedalen, både vestsideprosjektet og Vigdøla kraftverk på austsida av dalen. Turlaget meiner at det frå før er bygd ut nok vasskraft i Jostedalen og at dagens restvassføring i Vigdøla bør få renne fritt. Aksjonsnemnda Vestsida-Vigdøla peikar i sitt brev til Luster kommune m.a. på at dei nye utbyggingane kjem på toppen av tidlegare store kraftutbyggingar som har ført til store inngrep i vassdragsnaturen i

Jostedalen, og at det siste større samanhengande området nær busetnaden må skånast for kraftutbygging.

Kulturminne

Det føreligg ikkje oversikt om automatisk freda kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltak i samband med utbyggingsplanen. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. Lov om kulturminne § 9 må gjennomførast.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Samla vurdering

Tiltaket er eit opprustings- og utvidingsprosjekt knytt til Jostedal kraftverk (ferdig 1989) som vil gjø 48 GWh ny kraftproduksjon. Tiltaket vil dra nytte av tilkomstunnelen til og avløpstunnelen frå Jostedal kraftverk. Vidare skal kraftproduksjonen førast ut via eksisterande transformator og kraftlinje. Ny damterskel og heving av Skitnamyr tjønne med inntil to meter, veg til inntaket, massedeponi ved Jostedøla og redusert vassføring i Vigdøla med Håvardfossen blir nye, synlege inngrep. Det er lagt til grunn slepping av minstevassføring frå inntaket med 1000 liter/sek om sommaren (01.07. – 15.08.), 300 liter/sek om våren og hausten (01.05.-30.06. og 16.08.- 30.09.) og 60 liter/sek resten av året. Det er aktuelt å bygge tersklar i elva sine flate parti eit stykke nedanfor inntaket.

Luster kommunestyre seier i sitt vedtak 18.10.2011 at dei ikkje vil støtte utbyggingssøknaden fordi det ikkje er samsvar mellom dei inngrepa og konsekvensane utbygginga vil føre med seg, og dei vilkåra kommunen er stilt til utsikt.

Fylkesrådmannen meiner generelt at det er positivt at tidlegare utbyggingar vert vurdert på nytt med tanke på effektivisering og utvikling av tilleggsprosjekt med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur. Isolert sett vurderer fylkesrådmannen konsekvensane av dette opprustings- og utvidingsprosjektet som akseptable i høve til det ein oppnår av ny energiproduksjon, når det vert gjort avbøtande tiltak som slepping av minstevassføring frå inntaket og bygging av tersklar i elva sine flate parti.

Fordelar og ulemper ved nye tiltak må også sjåast i lag med det samla bildet av fordeler og ulemper ved tidlegare kraftutbygging i vassdraget. Ved ei slik samla vurdering kan balansen mellom fordeler og ulemper bli annleis. Luster kommune har kome ut med eit nei til dei aktuelle tiltaka ut frå ei slik tilnærming. Fylkesrådmannen les likevel kommunestyret sitt vedtak slik, at det her også er lagt inn vurderingar av dei vilkåra kommunen har oppnådd i forhandlingane med Statkraft om ein utbyggingsavtale.

Samla sett vurderer fylkesrådmannen fordelane ved Vigdøla-utbygginga til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og vil rå til at konsesjon vert gitt. Det er ein føresetnad at det vert bygd tersklar i elva sine flate parti. Det er også ein føresetnad at konkrete problemstillingar i Luster kommune si saksutgreiing vert følgt opp. Her er det m.a. peika på redusert gjerdeeffekt på grunn av ei ev. utbygging og konsekvensane av mogelege ras mot inntaksmagasinet med følgjande flaumfare for nærliggande hytter og gardsbruk. Fylkesrådmannen har ikkje hatt innsyn i forhandlingane mellom Luster kommune og Statkraft

om ein utbyggingsavtale, men ønskjer å markere si støtte til kommunen i arbeidet med å få ein rimeleg kompensasjon for dei naturinngrepa som utbygginga vil føre med seg.

7. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Vigdøla-utbygginga til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Det er ein føresetnad at det vert bygd tersklar i elva sine flate part. Det er også ein føresetnad at problemstillingar som Luster kommune har peika på om redusert gjerdeeffekt på grunn av den planlagde utbygginga og konsekvensane av mogelege ras mot inntaksmagasinet med følgjande flaumfare for nærliggande hytter og gardsbruk, vert følgde opp. Fylkesrådmannen har og merka seg at Luster kommune ikkje er nøgd med tilbodet frå utbygger.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)